

## Bjørnebøle får starta reguleringsarbeid

28.03.2009



Rådmannen går inn for at Erlend Bjørnebøle skal få starta arbeid med privat reguleringsplan for deler av eigedomen Dønhaug med det føremål å leggja til rette for 15 bustader i området ovanfor Halsabrotet. Saka skal opp i forvaltningskomiteen 1. april.

Før endelig planforslag vert fremja for kommunen for utleggjing til offentleg ettersyn, skal det vera avklara med arkeologiske myndigheter at tiltaket ikkje kjem i konflikt med fornminne. Planen bør utarbeidas av fagkunnige.

Blant føringane for det vidare arbeid er også at vatn- og kloakknettet bør vere på plass før bustader i området blir byggjemeldt og at ein ny adkomstveg må vurderast nøyne. Det bør også utarbeidast ein landskapsvurdering. Vidare bør plangrensen utvidast fram mot eksisterande byggjeområde i vest, som ikkje er regulert.

Heile området er 34 dekar. Planen er i tråd med kommunedelplanen, området B-17. Kommunedelplanen ser heile B-17-området som eitt. I høve til ein fungerande og framtidsretta trafikkloysing ser administrasjonen det som ein nødvendigheit å ha eit stort planområde som omhandlar same arealet som er vist i B-17.

Av Ola Matti Mathisen